

Vintersol

Fot. Thor Bach

Utfart fra Hommelvik

Av Leif Halse

Veka lang er folket i Hommelvik — som andre stader — bunde til arbeidsplassane sine på kaier, tomter, bruk og verkstader. Men lengten etter skog og kvite fjell er sterk og levande i kvar og ein, og så snart arbeidsveka er slutt, dreg unge og eldre på helga-tur mot dei skinande høgder med sol og frisk luft og vide utsyn. I dag skal vi slå oss i lag med hommelvikingane og følgje dei til deira utfartsstader og kvilestader.

Vi tek opp frå Halstad gard. Lia er bratt, og vi ber skiene på ryggen. Etter eit kvarters gang flatnar lendet. Framfor oss ligg Stavsjøen med solglitter over den kvite snøflata, men borte under det hengbratte Stavsjø-fjellet ligg skuggane blå og kalde.

Skiene glid lett. Snart er vi ferdige med sjøen. Vi fylgjer Krokåttbekken framom Stavsjø-bakken og hytta til Hommelvik idrettslag, og eit kvarter seinare er vi ved Svarttjønna. Her deler løypa seg. Før om åra var det mange som tok vegen over Skarpåsen. Dei ville framom og helse på Petter Granåsen, denne friske og underlege gubben som levde åleine her i ville skogen. Han hadde ei mengd med forteljingar og historier frå gamle dagar og var ein meister til å fortelje. No bur det ingen i Granåsen lenger. Våren 1944 flytta Petter Granåsen til kyrkjegarden i Hommelvik, og den gamle bustaden hans står tom. Men løypa over Skarpåsen og Granåsen blir framleis bruka. Einsleg skjer skifaret seg over myrar og åsar, svingar gjennom tunet i Granåsen og kverv innover Gjervskogen.


Vi legg kursen mot Vulusjøen. Lendet er kronglet og vanskeleg med dumper og kneikar og tett skog. Men løypa viser vegen, og etter eit nytt kvarter står vi på ein låg ås og ser ned på den vide Vulusjøen. Det har kome folk før oss. Bål brenn nede ved den kvite sjøflata. Ute på sjøen står nokre karar og hakkar hol i isen og skal prøve fisken.

Men vi skal ikkje kvile enno. Vi renner ned bakkane og fylgjer løypa tvert over sjøen. Borte ved andre landet ser vi folk som kjem vestafrå. Det er malvikingar — eller det er byfolk som har kome med Sjøvollruta og sidan gått på ski over Hønstad i Markabygda.

Innnetter frå Vulusjøen er lendet flatt og ope. Heile tida ser vi Gjervfjellet som lyfter sin runde koll mot vinterhimmelen. Løypa går over Ertstjøna og framom Vikhammervollen. Så ligg Fjellkleiva framfor oss, bratt og svinget, men vi bit tennene i hop og går på, og snart er vi oppe. Tre timar har vi bruka på den 18 km. lange turen frå Hommelvik, og enda kan ein ikkje seie at vi har skunda oss.

Sjølve utsynsstadene og samlingstaden på Gjervfjellet heiter Trulsen — ein hatt-forma koll på 492 meters høgd, og dit renner vi. Frå høgste Trulsen har ein utsyn til alle leier. I nord ser ein breie Trondheimsfjorden og dei låge Leksvikfjella, i vest stig Gråkallen opp som ei sate, i sør blånar det på Trollheimsfjella, og i sør står Reinsfjellet vidt og veldig. Draksten og Heimfjordane skin fram i søraust, og i aust stig Sylane himmels høgt. I nordaust ser ein Meråkerfjella, og framfor dei øygnar ein dei øvste gardane i Forradalen og Skjelstadmarka. Vil vi sjå enno meir, renner vi bort til Sjøvidthøgda, 1½ km. sør for Trulsen. Derifrå har ein utsyn over Jonsvatnet og Gjervan-gardane. Men vi har tenkt oss lenger. Halvanna mil i aust for Gjervfjellet står Vennafjellet og lokkar med høgder og botnar, små idylliske dalføre, vatn og setervollar, og vi legg vegen dit. Løypa går over runde kollar og låge åsar. Snart er vi ferdige med Gjervfjellet og renner ned Fjelldalen. Her har Malvik almenningstyre sett opp ei stue til bruk for tømmerhoggarar og fjellkøyrarar. Fjellstua er på to rom og eit tørkerom og har sengeplass til 16 mann. Her kan ein få overnatte eller bu for kortare tid ved å vende seg til Malvik almenningstyre. Dei håle skiene renn lett og viljukt framom Fosslivollen og over Heimfjordane og Store Drakstsjø. Vi svinger opp Akkodalen, går over Stolvollen og Rimtjøna og kjem fram på Selbuhøgda ved foten av Vennafjellet.

Her ser ein tydeleg at det har fare folk før. Løypa mot Vennafjellet er sterk og hardgått, og merke etter stavtaka står som smalare



Follsjøen og Vennafjellet

Fot. Henry Iversen

spor på bae sider. Det ber bratt i mot, og her er tett med store hol og senger i snøen. Dei ligg der og fortel om stor fart i nedrennet og om effektiv bremsing når farten vart i største laget.

På første bruna stansar vi ei stund. Det er lite med skog her oppe — berre litt fjellbjørk og låg furu. Eit lite dalføre skjer seg beint i nord, og vi fylgjer det. Snart er vi ved Fuglemsvollane. Eit par kilometer lenger nord står vi ved nordhallinga av fjellet. Så snur vi skiene og renner mot søraust — opp låge åsar og ned late lier, over flate vassmål og gjennom tronge dalar. Med eitt er vi framme på eit stort vatn under ei bratt fjellbjørk-li. Over lia lyfter ein rund fjellkoll seg. Det er Våttåfjellet, 689 meter høgt — ein gammel vardestad for bygdene her i ikring. Her brann varden i ufredstider og ropa mennene til våpen. Skinande gul slo logen mot den mørke kveldshimmelen og fortalde at no var det krig i landet, og fekk svar frå liknande elder på Sverresborg, Trulsen, Leksvikfjella og Forbordsfjellet.

På ein høg bakke vest for vatnet ligg Balstadvollen. Der svartnar

det av folk kring bu og fjøs. Somme smør ski, og somme får seg mat, og andre sit med ryggen mot veggen og let sola steike seg. Men sjå der: Utafor fjøset driv dei og renner seg. Det er hopprenn på ein ny og original måte. Dei tar tilrenn frå lia. Nedunder lia er ein bratt mot-kneik, og bortafor kneiken ei lang flate. Kneika brukar dei til hopp, og eg skal seie deg at det er mange rare svev å sjå. Samme held på og går på hovudet, og dei arbeider med hender og føter så det er reint komisk. Andre ligg meir baki. Skiene stryk til vers, og rennaren fylgjer etter med hovudet ned. Langt borte på flata slår dei ned att — somme på magen og somme på nakken. Men snøen er djup og mjuk, så dei får ingen skade. Sivert Nesbakk greier lengste ståande hopp med 23 meter, og det blir «ståande» i dobbelt meining, for skiene slår ned i djupsnøen og blir ståande på flekken!

Etter mat og kvile på Balstadvollen legg vi leia mot Gyversalen — ein høg koll lengst austpå Vennafjellet. Vi går lia under Våttåfjellet og framom Bønlivollen og gir oss i kast med den tunge oppstiginga til Gyversalen. Der oppe møter vi folk som har kome over frå Vindsmyra i Leksdalen — og sjølsagt ei mengd med ungdom frå Selbustranda. Frå høgste toppen har vi eit vidt og vakkert rundsyn. Djupt under oss i sør ser vi Selbusjøen og bygda med gardar og grender. Bortafor reiser Reinsfjellet seg, og i vid halvring mot aust har vi Sylane, Ruten, Fongen og Skarvane. Dei bortlengste ser vi berre som i ei skjelvande blå hildring. —

Sola går mot vest. Det blir kaldare i fjellet, og vi lyt tenke på heimturen. Men kor skal vi legge løypa? Skal vi ta vegen over Rennsjøen og Raumyrdalen og fram til Follsjøen? Eller skal vi ta over Jøsåsen og fram til Verket i Mostadmark? Vi renner ned til Jøsåsen. Føret er strykende, og vi legg like godt kursen over Nevervollen og Storkleiva og Håsetvollen og fram til Høybyen. Det er halvanna mils veg og fint terreng, og i kveldinga står vi ned tømmervegen frå Høybyen og mot Hommelvik, medan andre flokkar tar vegen ned Løyfta eller kjem skogsvegen ned frå Stavsjøen.

Og om kvelden møtest ungdommen på strøket og på stasjonen — solbrune og friske etter ein herleg dag i fjell og lett luft, og godt budde til ei ny arbeids-veke på kaier, tomter, bruk og verkstader.

Malvikmarka

Av Fridtjof Noodt

Skog og fjell! Skal der mer til enn de uttalte ord, for at vi gjennom ukens små og store bekymringer formår å skimte en demring? Få eller ingen byer har i sin nærhet en slik vakker og avvekslende natur å by sine innbyggere som Trondheim.

Bymarka f. eks. har til alle årets tider vært en rik tumleplass for tusener av ungdom, som her har fått sin vandrelyst og livsglede vakt. Det er lettvent og bekvemt for enhver å ta turer dit, og dette har selvsagt influert på besøket på andre kanter rundt byen.

På en helgatur kan en imidlertid rekke over atskillig. Nedenfor skal jeg omtale endel turer i Malvikmarka og nærliggende trakter.

Kartene som en får bruk for, er rektangelkart Trondheim og Stjørdal, samt Omegnskartet, som omfatter en del av disse strøk. En kan si at Malvikmarka i sør avgrenses av Jervfjellet, i vest av Jonsvannstraktene, i øst veien Hommelvik—Mostadmark, i nord sjøbygda. Terrenget byr på litt av hvert, her er tettskog og berghamrer, åpne myrdrag, åser med fine utsiktspunkter, glisne furumoer og fjell, og større og mindre vatn og tjønn. Fisk finnes det endel av, men den er i minste laget. En fin sommernatt ved Vulusjøen f. eks. med telt, fiskestang og nødvendig utstyr ellers er en opplevelse.

I traktene her som i Mostadmarka er det bra med bær, og besøket kan da til tider være ganske stort. I påsken er innrykket også bra, mest av bygdefolk. Ellers i året kan en til stadighet gå gjennom marka her oppe uten å treffe mange folk, en kan ha idyllen for seg selv, en idyll som bare forhøyes av skogsfugl som letter eller elg som lunter avgårde.

Hist og her ser en rester etter gamle setervoller, som minner en om liv og rørelse i svunne tider.